

Wenche og Nils Birger Soltveit

Nordre Steinestø 7

5108 HORDVIK

Hordvik, 27.02.2013

Radøy kommune v/ byggesaksavd.

Radøyvg. 1690

5936 Manger

Søknad om oppgradering/bygging av kai på Bognøy

Vi vil med dette søkje om å få bygge kai på gardsnr. 94 / bruksnr.2 på Bognøy. I 2009 kjøpte vi eigedommen som då var eit nedlagt småbruk. Hausten 2011 starta vi opp med villsauhald. Kaitilhøva som er der no er ikkje gode nok når vi skal føre i land store og tunge ting til garden, slik som gjerde, kraftfor o.l. Det er også vanskeleg å frakte sauene til og frå med dei ilandstigingstilhøva som er no.

Difor søker vi om å få oppgradere/bygge ny kai.

Kaien er slik den er vist på teikninga om lag 20 m². Videre treng vi å sprengje vekk nokre bergnabber for å få ein slett kant ved sidan av kaien (om lag 2-3 m³).

Dersom dette vert innvilga vert det Hanøy Riggboring A/S som står ansvarleg for sprenging og bygging.

27.02.2013 var vi i kontakt med Radøy kommune, og blei anmoda om å skrive dette brevet som ein førebels søknad.

Vonar på eit positivt svar.

Med helsing

Wenche og Nils Birger Soltveit